

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	15/908

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
40/2015	Formannskapet	PS	22.04.2015
34/2015	Kommunestyret	PS	06.05.2015

Rekneskap og årsmelding 2014

Vedlegg:

Årsrekneskap 2014 Meland kommune

Årsmelding 2014 Meland kommune

Revisjonsrapport nr 12 Årsrekneskap 2014

Revisjonsberetning 2014 signert

Notat 09.04.2015 til kontrollutvalet vedr punkter i revisor sin rapport nr 12

Uttale frå leiinga til Meland kommune sin Årsrekneskap for 2014-signert

Særutskrift frå sak 13/15 i Kontrollutval 10.04.15 - Uttale til årsrekneskapen for 2014

Saksopplysningar:

Meland kommune leverer i 2014 som i 2013 eit godt resultat, totalt kr 3,1 mill betre enn budsjett.

Kommunen har eit netto driftsresultat på kr 14,2 mill, som er 2,91 % av sum driftsinntekter.

Til samanlikning vart netto driftsresultat i 2013 på kr 29,9 mill, som utgjer 6,38 % av driftsinntektene.

Vi har altså ein resultatnedgang frå 2013 på kr 15,7 mill, eller omtrent ei halvering. Trekk ein frå overføringer til investeringsrekneskapen og netto avsetningar til fond er resultatet på kr 14,9 mill, mot kr 21,1 mill i 2013, ein nedgang på kr 6,2 mill.

Kommunen budsjetterte i 2014 med kr 11,8 mill i avsetjing til disposisjonsfond. Avsetjing er gjort som budsjett, og vi har igjen eit ikkje disponert mindreforbruk på kr 3,1 mill for 2014.

Netto driftsresultat på kr 14,2 mill er disponert slik etter krav i lover og forskrifter:

kr 3,0 mill Bruk av tidlegare års mindreforbruk (avsetning av overskotet frå 2013 til disp.fond)

kr 4,4 mill er bruk av bundne fond

kr 0,1 mill er momsrefusjon som vert overført til investeringsrekneskapen (korr. av føring i 2013)

kr 3,6 mill er avsetning til bundne driftsfond

kr 14,8 mill er avsetning til disposisjonfond (overskot frå 2013 og budsjettert overskot i 2014)

Etter dette sit kommunen igjen med eit netto mindreforbruk (overskot) på kr 3 098 808, som rådmann gjer framlegg om å avsetje til disposisjonsfond.

Kommunen sin investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr 21,2 mill, av dette er kr 4,4 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskotteringar, avdrag på lån og avsetningar er på til saman kr 17,1 mill, slik at årets finansieringsbehov i investerings-

rekneskapen er på kr 38,3 mill. Revidert budsjett var på kr 29,8 mill, slik at det brutto i 2014 er ført kr 8,5 mill meir i investeringsrekneskapen enn budsjettet. Dette skuldast ein del postar ført brutto som avsetningar, men som har tilsvarende inntekter, utan at desse bruttoføringane er budsjettet. Dette gjeld mellom anna ekstraordinære tilbakebetalingar av startlån og motteke tilskot til Breibandsutbygging.

Framlegg til årsmelding for 2013 og årsrekneskap for 2013 følgjer som vedlegg til saka. Årsmeldinga gjev ei utfyllande forklaring til det gode resultatet.

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Formannskapet - 40/2015

FS - behandling:

Økonomisjef og rådmann orienterte.

FS - vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2014 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.098.808,29.
2. Mindreforbruket for 2014 på kr 3.098.808,29 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.